Strategi for Sunnmøre regionråd

Formålet med denne strategien er å styrke regionen si samla gjennomslagskraft i nasjonale og regionale prosessar, slik at vi får betre rammevilkår for folk, kommunar og næringsliv. Strategien skal bidra til å samle kommunar, næringsliv og andre aktørar om felles prioriteringar, og sikre at regionen blir høyrd og får auka innverknad på område som er viktige for framtidig utvikling og attraktivitet.

Visjon

Samla og slagkraftig.

Misjon/samfunnsoppdrag

Alternativ A: Utvikling gjennom samarbeid.

Verdiar

Stolt

Nær

Aktiv

Relevant

Strategiske innsatsområde

Det indre liv: Innovasjon og samarbeid i kommunal sektor

Mål: Regionrådet opplevast som samlande, og er ein pådrivar for utvikling i regionen og den enkelte kommune, gjennom deling av kunnskap og etablering av relevante samarbeid og utviklingsarenaer.

- Tiltak 1: Regionrådet skal leie an i deling av gode døme på konkrete måtar å løyse kommunale oppgåver, og skal bidra i oppbygginga av ein lokal kunnskapsbank innan kommunal innovasjon.
- Tiltak 2: Regionrådet arrangerer månadlege, digitale møter med aktuelle tema, der primærmålgruppa er ordførarane og kommunedirektørane i deltakarkommunane.
- Tiltak 3: Regionrådet arrangerer ein årleg studiereise for ordførarane og kommunedirektørane i deltakarkommunane.
- Tiltak 4: Arena Sunnmøre arrangerast årleg som felles formannskapsmøte, med involvering frå kommunedirektørar i utviklinga av programmet.
- Tiltak 5: Regionrådet koordinerer samarbeid med forsking og høgare utdanning, og deltar i utvalde prosjekt.
- Tiltak 6: Administrasjonen skal i inneverande valperiode greie ut fordelar og ulemper ved organiseringa slik ho er i dag, og foreslå konkrete tiltak til forbetring.

Suksesskriterium:

✓ Kommunedirektørane og ordførarane i deltakarkommunane skal oppleve regionrådet som relevant og aktivt, og som ein pådrivar for utvikling og kunnskap i kommunane.

✓ Arbeidet med å byggje ein kunnskapsbank er starta opp og det som finst blir nytta av deltakarkommunane.

Det eksterne: Samferdsel og infrastruktur

Mål: Regionrådet opplevast som ein pådrivar for å få investering i nye samferdsleprosjekt og midlar til vedlikehald, gjennom aktiv bygging av alliansar, etablering eller deltaking i relevante fora og merksemd i media.

- Tiltak 1: Innan andre kvartal 2026 skal regionrådet arrangere ein felles møteplass med dei andre interkommunale politiske råda i fylket, med mål om å etablere ei felles problemforståing.
- Tiltak 2: Innan utgangen av andre kvartal 2026 skal regionrådet legge fram ein sunnmørsk transportplan, som dekker alle samferdselområde både for statleg og fylkeseigd infrastruktur. Denne planen skal leggje grunnlaget for arbeid opp mot fylkestinget, andre regioner og fylke, m.fl.
- Tiltak 3: Regionrådet skal kartlegge eksisterande regionale fora og aktørar, som er viktige på dette området, og leggje ein plan for kva fora ein sjølv bør ha ei rolle i og kva alliansar ein skal byggje.
- Tiltak 4: Regionrådet skal vere ein aktiv bidragsytar i fora ein ikkje sjølv eig.
- Tiltak 5: Regionrådet skal vere synleg i det offentlege ordskiftet om temaet samferdsle.

Tiltak 6: Regionrådet skal arbeide interessepolitisk med kraft- og energispørsmål, for å betre vilkåra for regionen generelt og næringslivet spesielt. Dette skal mellom anna skje gjennom å bringe fram fakta om situasjonen slik den er i dag, og arbeide for å sikre tilstrekkeleg kraft til regionen.

Suksesskriterium:

✓ Ved rulleringa av Nasjonal transportplan (NTP) i 2027 skal regionen vår få ein auke på minst 100 % i andelen midlar som blir løyvd til prioriterte samferdselsprosjekt i første seksårsperiode, samanlikna med dagens NTP.

✓ Startbevilling til Voldatunnelen er løyvd.

Det eksterne: Helse og sjukehus

Mål: Regionrådet opplevast som ein pådrivar for betre rammevilkår for kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta i regionen, og for betre samarbeid mellom dei.

- Tiltak 1: Regionrådet skal arbeide målretta for å endre den interne rammefordelinga innan Helse Midt-Norge, til fordel for Helse Møre og Romsdal.
- Tiltak 2: Regionrådet skal arbeide målretta for å behalde akuttfunksjonane ved dei to sjukehusa i regionen, og for å utvikle tilbodet.
- Tiltak 3: Regionrådet skal bidra i arbeidet med å behalde rehabiliteringstilbodet i fylket og regionen.
- Tiltak 4: Regionrådet skal stimulere til utviklings- eller forskingsprosjekt innan det kommunale helsetilbodet, som svarar ut behova til medlemskommunane.
- Tiltak 5: Regionrådet skal bidra til eit best mogleg samarbeid mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Suksesskriterium:

- ✓ Akuttfunksjonane ved dei to sjukehusa på Sunnmøre består.
- ✓ Endringar i finansieringsmodellen i Helse Midt- Norge slår positivt ut for Helse Møre og Romsdal.
- ✓ Det er fatta vedtak om å anten greie ut ein nasjonal strategi for behandling av akutt hjarteinfarkt, eller etablering av eit desentralisert PCI-tilbod ved Ålesund sjukehus.
- ✓ Kommunalsjefar med ansvar for helse rapporterer om betring i dialogen og samhandlinga med Helse Møre og Romsdal.

Det eksterne: Verdiskaping og attraktivitet

Mål: Regionrådet opplevast som aktiv i arbeidet med å betre attraktiviteten til regionen, auke kunnskapen om rammevilkåra for næringslivet innad i medlemskommunane, og bidrar til å byggje alliansar mellom privat sektor og kommunal sektor i regionen.

- Tiltak 1: Ulike næringar på Sunnmøre får høve til å møte styret og/eller representantskapet ved at møter i dei valde organa leggast til ulike bedrifter, som representerer desse næringane.
- Tiltak 2: Regionrådet besøker næringsforeinigane med mål om å byggje varige samarbeid i saker som er viktige for partane.
- Tiltak 3: Regionrådet skal vere ein pådrivar i konkrete saker som er viktige for verdiskaping i regionen.
- Tiltak 4: Regionrådet skal søke samarbeid for å etablere ein attraktiv møteplass for sunnmørsregionen under Arendalsuka, frå og med 2026.
- Tiltak 5: Administrasjonen skal foreslå ein plan for regionrådet si rolle i arbeidet med å byggje omdømmet og attraktiviteten til regionen.

Suksesskriterium:

- ✓ Næringsforeiningar og representantar for næringslivet opplever regionrådet som ein relevant aktør.
- ✓ Det er etablert konkrete samarbeid mellom privat sektor og kommunal sektor, i kjølvatnet av initiativ frå regionrådet.
- ✓ Regionen har fleire innbyggarar enn forventa gjennom fleire tilflyttarar og færre utflyttarar. Det er vidare ein auke i andelen innbyggarar og kvinner i alderen 20-45 år.

Felles tiltak på tvers av innsatsområde:

- Tiltak A: Regionrådet er ein pådrivar for å følgje opp saker på nasjonalt eller regionalt nivå som er viktige for deltakarkommunane, slik som samfunnssikkerheit og beredskap.
- Tiltak B: Regionrådet skal bruke media og eigne kanalar til å gjere regionrådet kjend i regionen.